


DEN NORSKE KYRKJA

Bjørgvin biskop

DET KONGELIGE KUNNSKAPSDEPARTEMENT  
Postboks 8119 Dep  
0032 OSLO



Dato: 28.09.2007

Vår ref: 05/270-4 KRL

Dykkar ref:

## Vedrørende høyring: NOU 2007:6 Formål for barnehage og opplæringen

Bjørgvin biskop takkar for mulegheita til å kome med kommentarar til forslaget til ny formålsparagraf for barnehage og opplæring.

Biskopen er glad for at Bostadutvalet klarte å kome fram til eit felles forslag. Det er viktig å ha ein formålsparagraf som flest mulig kan samle seg om. Drøftinga i utvalet viser at konsensusforslaget synest å vere det ein kan forvente å få gjennomslag for med omsyn til framheving av den kristne og humanistiske tradisjonen. Biskopen vil likevel primært gje si tilslutning til mindretalsforlaget frå Birkedal, Byfuglien og Hætta. Denne vurderinga er også i tråd med konklusjonen til Bjørgvin bispedømmeråd sitt trusopplæringsutval (Sak 12/07).

Bjørgvin biskop stiller seg bak dei vurderingane som IKO har gjort i denne saka. Biskopen er i hovudsak samd i dei kommentarane IKO sendte til alle undervisningsrådgjevarane i bispedøma den 14. mai i år; ”**NOU2007:6 Formål for framtida – momenter til oppfølging**”. Biskopen vil her spesielt understreke at det er viktig å framheve foreldreretten og mulegheita til lokal tilpassing også i skolen. Formålsparagrafen for opplæring burde på same måte som formålsparagrafen for barnehagen *starte* med å understreke at skolen skal samarbeide med heimen. Mindretalsforslaget tar vare på den gamle formuleringa ”Skolen skal, i samarbeid og forståing med heimen,...”. Med ”og forståing med” understrekar ein i langt sterkare grad at samarbeidet med heimen skal vere meir enn eit uforpliktande samarbeid.


I opplistinga av verdiar i forslaget til ny formålsparagraf for barnehage og skule, får ikkje vår kristne kulturarv meir tyngde enn andre religionar og livssyn. Vektlegginga av vår kristne og humanistiske tradisjon hadde vore tydelegare om ein hadde flytta på eit *og*. ”... slik desse verdiane kjem til uttrykk i kristen og humanistisk tradisjon, og i ulike religionar og livssyn, slik dei er forankra i menneskerettane”. Konsensusforslaget vel også å ta utgangspunkt i ei rekke utvalde verdiomgrep (menneskeverd, åndsfridom, nestekjærleik, likeverd og solidaritet). Forslaget burde etter vårt syn tatt utgangspunkt i verdi*tradisjonar* og nemnt verdiomgrepa som eksempel, slik det blir gjort i primærforslaget frå Birkedal, Byfuglien og Hætta:

*”Skolen skal, i samarbeid og forståing med heimen, gi historisk og kulturell forankring og utruste for livet. Skolen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk tradisjon, og verdiar i menneskerettane og i ulike religionar og livssyn i*



*samfunnet, slik som respekt for menneskeverdet, åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, sanning, likeverd og solidaritet. Skolen skal gje innsikt i kulturelt mangfald og vise respekt for den einskilde si overtyding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.”*

Skolen og barnehagen må vere ein god plass å vere for alle. Biskopen ser at det er viktig at mangfaldet i samfunnet er synleg i skolen og at den enkelte si overtyding blir respektert. Samtidig står barnehage og skole i ein bestemt verditradisjon og skal vidareføre ein særskilt kulturarv. Utfordringa ligg i å kombinere desse to perspektiva på ein best mulig måte. Forslaget frå mindretalet i Bostadutvalet synest å i varetta begge perspektiv.

Med helsing



Ole D. Hagesæther  
biskop



Kristin Lødøen Hope  
undervisningsrådgjevar  
Direkte innval: 55 30 64 79

Kopi til:

Mellomkirkelig råd, Samisk kirkeråd Kirkerådet  
Postboks 799  
Sentrum

0106 OSLO